

# FORELDREINFO NOVEMBER 2020

## Symjing

Skulen har fast tilbod om symjing på 1.-4. og 7.trinn. Samanlikna med andre kommunar har me eit breitt og godt symjetilbod, noko som og viser att i kor mange elevar som klarer symjekrava på 4.trinn.


Me oppfordrar dykk til å nytta symjetilboda på fritida i tillegg dersom du har eit barn som treng meir øving i vatnet. Kanskje spesielt på 5.og 6.trinn som ikkje får øving på skulen.

Sjå på kommunen sine heimesider for meir info om [symjekurs](#).



## Programmering i skulen

Skulen fekk tilskot til å oppgradera utstyret me har. Dette har ført til eit nytt «koderom», med mange spanande moglegheiter. Personalet har fått opplæring i utstyret, så no håpar me at mange elevar kjem heim og fortel om korleis dei har programmert robotar på skulen.



## Planleggingsdagen 13.11

Heile personalet hadde fagdag i saman med barnehagar og helse. Me fekk foredrag frå Dag Nordanger og Steinar Hvål som er blant dei fremste psykologane i Noreg på det å snakke med barn som har vore utsett for traumatiserande hendingar, eller som strevar for å halde seg i toleransevinduet sitt av andre årsaker.

Ein lærerik og nyttig dag for oss som arbeider tett på born og ungdom



## FAU/SU/SMU

FAU møte som vart sett opp den 12.11 måtte flyttast til 02.12 grunna innskjerpa nasjonale smittevernstiltak. De kan melda ev. saker til klassekontakt.

SU/SMU skal også ha møte 02.12.

## Klimaveka

I veke 47 hadde alle elevar og vaksne eit spesielt fokus på klima og bærekraftig nytte av ressursane me har tilgjengeleg på planeten vår.

Elevane hadde ein søppelplukkedugnad i heile Vikeså sentrum, opp til Storafjellet bhg, og langs sykkelstien med E39 ned til Gjedrem. Resultatet var eit heilt tilhengerlass med søppel som vart levert på Vikesdal onsdag veke 47.

Skulen har og fått på plass system for resirkulering av organisk- og plastikkavfall som me tok i bruk denne veka. 2.klasse og 8A vann søppelsorteringskonkurransen me hadde i samband med klimaveka og får ein dag i kongeparken i premie. Premien er delvis finansiert frå kommunen, resten betalar skulen.

Me laga sommarfuglar for å symbolisera at ingen kan gjere alt åleine, men om me set saman alle små gjerningar den enkelte gjer, så kan det få stor effekt. Sommarfuglane skal få pynta begge bygg, og minna elevane om den rolla dei sjølv har for å bidra inn til ein bærekraftig morgondag.



No går vi inn i ei spesiell adventstid. Igjen må me tenka alternativt om adventssamlingar, julegudstenester, avslutningar på fotball/handball/kor etc. Håpet og gulerota i andre enden er at me kan få ha ei så normal julefeiring som mogleg saman med dei me aller helst ønsker skulle vera der.

I år skal me laga digital julegudsteneste der klassane skal få bidra på ulike vis. Minner om rett til å søka fritak frå deltaking på denne. Grunna smittevern vil det verta alternativt tilbod på skulen klassevis i år.

Hugs å kosa dykk i lag med kvarandre i ei travel førjulstid!  
Mvh Svanhild Gjedrem - rektor